



VIK KOMMUNE
Postboks 134
6891 VIK I SOGN

Saksbehandlar, innvalstelefon
Dag Endre Stedje, 5764 3150

Fråsegn i samband med 1. gongs offentleg ettersyn av arealdelen til kommuneplanen i Vik kommune, med endringar i planframlegget

Vi viser til Vik kommune si oversending av dokumentet "Tilbakemelding på statsforvaltaren si førebels fråsegn til 1. gong offentleg ettersyn av arealdelen til kommuneplanen for Vik kommune av 6.9.2023", datert 19.02.2024. Her er det gjort greie for dei endringane som kommunen har gjort i planframlegget, med vekt på dei delane av planframlegget der vi peikte på potensielle motsegner, jf. vår førebelse fråsegn 06.09.2023. Vi har avtalt at høyringsfristen er 19.03.2024.

Merknader og motsegner

Motsegn grunnlaga vi hadde mot planframlegget går fram av den førebelse fråsegna vår 06.09.2023. Vi viser i heilskap til denne fråsegna. Statsforvaltaren vil gje ros til kommunen for å laga eit grundig dokument som tek føre seg konfliktområda på ein oversiktleg måte, og der endringar både i arealbruk og tekst kjem tydeleg fram.

Vi ser at dei nye vurderingane som kommunen har gjort av både vidareførte byggjeområde og ny arealbruk har resultert i at fleire byggjeområde er tekne ut eller reduserte i storleik. Desse endringane inneber at dei aller fleste motsegnspunkta vi hadde til planframlegget fell vekk. Vi ser det som positivt at kommunen har teke grep og redusert omfanget av byggjeområde for m.a. hytter, slik at planframlegget no er meir i samsvar med eit påreknleg behov i planperioden og i større grad sikrar nasjonale og viktige regionale interesser.

Gitt at planframlegget vert endra i samsvar med det som går fram i tilbakemeldingsskrivet frå kommunen datert 19.02.2024, er hovudkonklusjonen vår at dei fleste motsegnspunkta er rydda opp i. Vi står såleis att med berre to område (Vangsnes og Vikafjellet) der vi har motsegner, og i tillegg eit par punkt i føresegnene som må endrast.

Vi går ikkje nærare inn på dei konfliktområda der vi meiner at kommunen på ein tilfredsstillande måte har imøtekomme grunnlaga våre for potensielle motsegner. Vi har såleis valt å konsentrere oss om dei få områda der vi formelt fremjar motsegn.



Dette gjeld følgjande område i planframlegget:

- **Industriområde Vangsnes aust**

I fråsegna vår 06.09.2023 skreiv vi følgjande (her er også industriområdet Dalastølane/Ovrisdalen omtalt):

"I planframlegget er det sett av to store nye industriområde med tanke på kraftkrevjande industri. Det er eit om lag 50 daa stort område ved Dalastølane i Ovrisdalen ved Refsdal kraftstasjon og eit nesten 300 daa stort område på Vangsnes.

I konsekvensutgreiinga er det i den faglege vurderinga tilrådd å ikkje ta inn desse to byggeområdet i kommuneplanen med bakgrunn i ei samla vurdering med vekt på konsekvensar for miljø- og samfunnstema. I konklusjonen til Vik kommune er likevel desse industriområda lagt inn i planframlegget, m.a. med bakgrunn i at tilrettelegging for kraftkrevjande industri er vekta høgt i arbeidet med ny arealdel.

Industriområdet i Ovrisdalen vil føre til at ein naturtypelokalitet av typen naturbeitemark, med verdi B, vil gå tapt i sin heilskap. Byggeområdet grip også inn i ei anna naturbeitemark med verdi B heilt i sør. Det er i tidlegare registreringar funne fleire raudlista artar i området.

Industriområdet ved Vangsnes ligg eksponert på autsida av neset og i svært bratt terreng, og ei opparbeiding til industriområdet vil måtte gi svært store negative landskapsverknader (jf. også konsekvensutgreiinga). Konsekvensutgreiinga omfattar vurdering av ein djupvasskai knytt til industriområdet, men dette er utegløymt og er ikkje med i plankart eller omtalt i føresegnene. Ytfilling i Sognefjorden (nasjonal laksefjord og kandidat område til marint vern) med sprengte massar frå opparbeidinga av industriområdet aukar gir auka konfliktnivå.

*Vi har forståing for ønskje om nye næringsareal i kommunen og satsinga på kraftkrevjande industri, men **med bakgrunn i at begge dei avsette industriområda kjem i konflikt med nasjonale og viktige regionale interesser har vi i utgangspunktet motsegngrunnlag mot begge desse byggeområda.***


Når det gjeld industriområdet i Ovrisdalen saknar vi ei alternativvurdering av storleik og detaljplassering av byggeområdet. Vi tilrår at dette vert vurdert i det vidare planarbeidet, med vekt på å sjå om det finst alternativ plassering og utforming som i større grad tek omsyn til naturmangfald, kulturlandskap og friluftsliv (turstar).

Av dei to industriområda ser vi på Vangsnes aust som det mest konfliktfylte".


I tilbakemeldinga frå kommunen går det fram at det er tenkt å gjere følgjande endring i planframlegget:

"Vi reduserer det nye næringsområdet NÆ5.1 på Vangsnes kraftig og tilpassar i tillegg området slik at det dekker faktisk utstrekning av det eksisterande steinbrotet, der næring skal vere etterbruk. Tilpassinga vil føre med seg omdisponering av om lag like mykje LNF-areal som det blir tilbakeført. Det reduserte næringsarealet vil då totalt bli om lag 120 daa, inkludert sjøareal til mogleg plassering av kai. Sjøarealet er konsekvensutgreidd i samband med KPA-revisjonen, men viste på grunn av ein teknisk feil ikkje på plankartet i høyringsutkastet. Saman med eksisterande næringsarealet NÆ5 blir det om lag 180 daa med næringsareal, av dette er om lag 37 daa eksisterande veg eller open fastmark/steinbrot jf. arealressurskartet AR5. Samfunnsinteressa blir vekta tung. Om lag 180 daa av NÆ5.1-området i høyringsutkastet blir ført tilbake til LNF.

Vi endrar også føresegnene for NÆ5.1 (sjå vedlegg kap. 2.8.4)".




Planframlegg sommaren 2023.



Forslag til endring av byggeområdet.

Sjølv om industriområdet er vesentleg redusert ved å kutte ut den sørlege delen, omfattar det reduserte byggeområdet om lag 650 meter strandlinje, og i tillegg eit areal i sør som strekkjer seg nesten 200 meter langs sjøen, rett på oversida av Feiosvegen. Næringsområde NÆ5, på oversida av Feiosvegen, er vidareført frå gjeldande kommuneplan. Frå sjønivå er dagens masseuttaksområde dels skjerma av terrenget mellom vegen og uttaksområdet. Etter avslutta uttak skal dette massetaket inngå i industriområdet (jf. føresegnene pkt. 2.8.1).

Plasseringa av industriområdet er svært eksponert på Vangsnes, som er eit viktig landemerke i Sognefjorden. Med tanke på eksponering og negative landskapsverknader er dette eit svært uheldig plasseringsalternativ. Etablering av eit stort industriområde her vil måtte innebære omfattande sprenging og planering i strandsona, og vil bli eit stort og eksponert sår i strandsona og landskapet. Etablering av næringskai/djupvasskai vil også bli eit omfattande inngrep i strandkanten og sjøen.




Området sett frå ca. sjønivå (Kjelde: 3D Kommunekart).



Området sett skrått frå lufta (kjelde: 3D Kommunekart)

I rapporten Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse (KULA) i Sogn og Fjordane er Balestrand og Vangsnes (nr. 12), med som eitt av 21 utvalde område. Det avsette industriområdet på Vangsnes kjem så vidt utanfor avgrensinga av KULA-området. Grensa er trekt i ein liten sving slik at dagens masseuttaksområde ser ut til å komme rett utanfor avgrensinga. Sjølv om det føreslegne industriområdet kjem rett utanfor grensa til det nasjonalt viktige kulturlandskapsområdet, vil sprenging, planering og opparbeiding av eit svært industriområde med djupvasskai, eksponert i strandkanten, måtte få negative konsekvensar for dei nasjonalt viktige landskapsverdiane i området. Vi viser her til pkt. 2 i rundskriv T-2/16 "Nasjonale og vesentlege regionale interesser på miljøområdet – klargjøring av miljøforvaltningens innsigelsespraksis", bokstav a og b, og kjem til at planforslaget med industriområde på Vangsnes råkar nasjonale eller vesentlege regionale miljøverdier (landskap), og at dei negative verknadene på landskapet vil måtte bli omfattande.



Avgrensinga av KULA-området Balestrand og Vangsnes.



Sognefjorden er nasjonal laksefjord og kandidatområde for marint vern. Etter det vi kan sjå er ikkje føresegnene knytt til industriområdet (NÆ5.1) oppdaterte når det gjeld industrikaiaen/djupvasskaiaen. Kaiaen er ikkje omtalt i føresegnene, og det er ikkje med krav til m.a. storleik, utforming og kailøysing. Verknadene for marint naturmangfald er såleis vanskeleg å vurdere, og konsekvensutgreiinga er heller ikkje særleg utfyllande om verknadene på det marine naturmangfaldet av ein slik industrikaia.

I dei statlege planretningslinjene for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen, og under retningslinjene som gjeld for sone 3, står det at: *"Det bør ikke tillates utbygging i områder som har spesiell verdi i forbindelse med friluftsliv og allmenn ferdsel, naturkvaliteter, naturmangfold, kulturmiljø og landskap. Det gjelder for eksempel utbygging i kyst- og fjordlandskap med spesielle kvaliteter"*.

Vi meiner ut frå ovanstående at plasseringa av eit stort og svært eksponert industriområde på Vangsnes kjem i strid dei allmenne interessene bak strandsonevernet og med SPR for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen, særleg med omsyn til dei nasjonalt viktige landskapsinteressene.

Når det gjeld samfunnsnyttan av ei etablering av industri på Vangsnes er ikkje dette grundig vurdert i planframlegget. Heller ikkje avveginga mellom samfunnsnytte og miljøverdiar er tilfredsstillande skildra i planframlegget. Vi viser til bokstav c (om samfunnsnytte) i rundskriv T-2/16.

Industriområdet er ein del av satsinga og tilrettelegginga for grøn næringsutvikling i landet som finn si forankring i Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027, kap 4.1 "Legge til rette for grønne industrinæringar". Under pkt. 4.1 i dei nasjonale forventningane står m.a. også følgjande: *"En viktig dimensjon for planlegging av areal til ny næringsutvikling skal være samfunnsøkonomisk lønnsomhet, både i kommunen og fylket, og virkningene for klima og miljø. Regionale planer kan være et godt verktøy for å se næringsarealer i sammenheng med blant annet energibehovet, kraftproduksjonen og kapasiteten i kraftnettet og øvrig infrastruktur. Regionale vurderinger og avveininger vil kunne bidra til å redusere konflikter, vurdere areal- og energibehovene på tvers av kommunegrensene og styrke utviklingen i regionen"*.

For å kunne ta omsyn til m.a. natur, klima, landskap og jordvern ved etablering av slike arealkrevjande grønne industrinæringar må ein sjå på lokaliseringalternativ utover den einskilde kommune, t.d. i ein regional plan for ei slik næringssatsing. Viss kvar kommune skal leggje inn eitt eller fleire nye slike store industriområde vil det verte vanskeleg å nå dei overordna måla om t.d. større grad av arealnøytralitet og mindre tap av natur og landbruksareal.

I rundskriv T-2/16 bokstav d er "Muligheter for alternative løsninger og avbøtende tiltak" omtalt. I dette konkrete området på Vangsnes kan vi ikkje sjå at det gjennom avbøtande tiltak er mogleg å unngå vesentleg negativ konsekvens av industriområdet på m.a. landskapsverdiane. Gjennom ei vurdering av lokaliseringalternativ, helst med ei regional tilnærming, bør det vere mogleg å komme fram til ei plassering som er betre for både miljø og samfunn.

Vi viser til pkt. 3.9 Kulturhistoriske verdier og naturmangfoldverdier knyttet til landskap i rundskriv T-2/16, "Nasjonale og vesentlige regionale interesser på miljøområdet – klargjøring av miljøforvaltningens innsigelsespraksis". Her går det fram at motsegn skal vurderast når planforslaget vil komme i konflikt med:

- Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse (KULA), jf. kartlag i Askeladden.



Vi viser til pkt. 3.11 Strandsone langs sjø og vassdrag i rundskriv T-2/16. Her går det fram at motsegn skal vurderast når planforslaget:

- Vil komme i konflikt med de hensyn som [Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen](#) legger til grunn.
- Ikke har tatt særlig hensyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap (vår understreking) og andre allmenne interesser (jf. plan- og bygningsloven § 1-8, første ledd) langs sjø og vassdrag”.

Vi viser også til pkt. 2. i rundskriv T-2/16 ”Prinsipper og kriterier for om det bør fremmes innsigelse” bokstav a til d (som vi viser til i vurderinga ovanfor). Ut frå ovanstående fremjar vi motsegn mot industriområde NÆ5.1, og vi krev at det vert teke ut av planframlegget.

I kommuneplanen til Vik kommune er det også sett av eit større industriområde i Ovrisdalen - NÆ4.1. Det går fram av tilleggsnotat av 19.02.2024, pkt. 1.4 ”Næringsareal for grøn industri” at dei to næringsareala på Vangsnes og i Ovrisdalen (Refsdal) har svært ulike kvalitetar som næringsareal. Ovrisdalen ligg tett ved kraftknutepunkt, men med lang transportavstand frå veg/kai og er difor best eigna til grøn, kraftkrevjande næring/industri som ikkje produserer varer (t.d. datalagring). Industriområdet på Vangsnes kjem nær veg, og eventuelt kai, og er såleis eigna til grøn, kraftkrevjande næring som lagar produkt (t.d. hydrogen) som skal transporterast ut av kommunen. Kommunen har gjort det tydeleg at dei to områda ikkje er å sjå på som to alternativ, men at dei ser behov for begge dei to nye industriområda på Vangsnes og i Refsdal/Ovrisdalen.

Statsforvaltaren har ut frå ei totalvurdering, og med vekt på kommunen sitt mål om å satse på ny næring, komme til at vi under gitte føresetnader (jf. under) kan fråfalle motsegnsgrunnlaget mot industriområdet i Ovrisdalen (NÆ4.1). Vi har også lagt vekt på justeringane som er gjort i plankartet og i føresegnene knytt til NÆ4.1. Det er m.a. stilt krav i føresegnene om kartlegging av naturmangfaldsverdiar i samband med utarbeiding av reguleringsplan. Industriområdet dekkjer nesten heile arealet som er registrert som naturbeitemark med verdi B. Naturbeitemark er ein type seminaturleg eng som er ein truga naturtype (raudlista som sårbar). I rundskriv T-2/16 går det fram at motsegn skal vurderast når føreslegen ny arealbruk i planforslaget vil komme i konflikt med:

- «Truede naturtyper (CR-Kritisk truet, EN-Sterkt truet og VU-Sårbar) i henhold til nasjonal rødliste for naturtyper, med unntak av arealer med svært lav kvalitet kartlagt etter Miljødirektoratets kartleggingsinstruks.»

Under skildringa av naturtypen i naturbasen står det at dagens tilstand (2020) er ukjend. Vi kjenner heller ikkje til dagens tilstand. Vi fremjar ikkje motsegn mot industriområde NÆ4.1 under føresetnad av at kommunen tek inn i eit krav i føresegnene pkt. 2.8.3 til NÆ4.1 at naturbeitemarka skal undersøkjast av fagkyndig i felt i samband med reguleringsplan for å kartlegge kvaliteten/tilstanden, og om det finst raudlista artar i området. Vi tek atterhald om bruk av motsegn mot seinare reguleringsplan dersom det viser seg at det er konfliktar med nasjonale eller viktige regionale naturmangfaldsverdiar i området.

- **LNF-område for spreidd hyttebygging på Vikafjellet**

I fråsegna vår 06.09.2023 skreiv vi følgjande:

”På Vikafjellet er tre område for LNF-område for spreidd hyttebygging vidareført frå gjeldande plan. Vurderinga av desse områda i planomtalen er avgrensa til villreininteressene, og alle tre områda vert vidareførte uendra då dei er vurderte til ikkje å vere i konflikt med den interkommunale kommunedelplanen for Fjellheimen villreinområde.



I tillegg til villreininteressene er det i desse område myrområde/våtmark og vassdrag (elv og bekkar), og dei har landskapsverdi. Bygging av 16 nye hytter i dette høgjfjellsområdet vil kunne kome i konflikt med naturmangfald, myrområde/våtmark, vassdragsnatur (elv og bekkar) og landskap. Det er ikkje gjeve eigne føresegnar av omsyn til interessene/verdiane i området og som føringar for framtidige reguleringsplanar, dvs. at dei generelle føresegnene for fritidsbustader (2.3.1) gjeld for desse områda også.

Statsforvaltaren meiner klart at vurderingane knytt til vidareføring av dei tre LNF-områda for spreidd hyttebygging på Vikafjellet må omfatte fleire tema enn villrein. Vi tenkjer her m.a. på myr/våtmark, vassdrag (elv/bekkar) og landskapsverknad.

Planframlegget opnar for 16 nye hytter i eit høgjfjellsområda, rett nok med ein del hytter frå før. Utbygginga innanfor desse område vil måtte bli så tett at det blir meir å rekne som feltutbygging enn spreidd bygging. Utbygginga i desse områda kjem i strid med sjølv formålet LNF- spreidd, der meininga er at det skal vere nettopp spreidd bygging. Det er stilt krav om reguleringsplan for desse tre områda, som fort også m.a. vil omfatte vegtilkomstar til hyttene. Dette vil auke konfliktgraden og inntrykket av at dette er meir hyttefelt enn LNF-spreidd.

For å bruke LNF-spreidd-formålet er det i rettleiar for "Planlegging for spredt bolig-, fritids- og næringsbebyggelse i landbruks-, natur-, friluft- og reindriftsområder" (mai 2020) m.a. peika på at:

- "det er stor nok avstand mellom enhetene til at det kan være brukbare landbruks- friluftsliv- eller naturområder imellom dem
- områdets overveiende karakter er, og kan opprettholdes som, åpen og ikke tett bebygget"

Ut frå ovanstående kjem vi til at talet hytter må reduserast (sjølv om det er i samsvar med den interkommunale kommunedelplanen for villrein).

Vi stiller elles spørsmål ved om det er naudsynt med plankrav for eit redusert tal hytter i dei tre områda. Eit alternativ er å i medhald av pbl. § 11-9 og 11-11 stille konkrete krav i føresegnene til kommuneplanen som sikrar at ny hyttebygging innanfor LNF-områda for spreidd hyttebygging på Vikafjellet får omfang, lokalisering og utforming som sikrar omsyn til natur, landskap, estetikk (jf. dei påpeika kvalitetane i området).

Slik planframlegget er utforma i LNF-spreidd-områda, med tal nye einingar og plankrav, opnar det for tettare utbygging enn det er høve til innanfor LNF-spreidd-formålet. Planframlegget (og føresegnene) for desse områda sikrar heller ikkje at hytteutbygginga på Vikafjellet vert i samsvar med nasjonale og viktige regionale interesser eller føringane som gjeld for hyttebygging (jf. m.a. dei nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging). **Ovanstående er å sjå på som motsegngrunnlag**".

I tilbakemeldinga (notatet) frå Vik kommune går det fram at kommunen ynskjer å føre vidare områda uendra i denne omgangen. Grunngevinga til kommunen for denne konklusjonen går fram av notatet. "Fastsett planprogram for KPA-revisjonen seier: «Arealbruk fastsett i KPA 14 for fjellområda i kommunen er forutsett vidareført i ny plan.» Ei endring av områda ville gå imot planprogrammet og etter vårt syn krevje at vi må starte heilt på ny ved å endre/vedta ny planprogram. Vi er komme for langt i planprosessen for at dette er føremålstenleg. Ei ev. endring av dei tre fritidsbustadområda må difor vente til neste revisjon".

Vi er ikkje samd i denne vurderinga. Eit planprogram til arealdelen av kommuneplanen som legg til rette for strategiar eller nemner konkrete utbyggingsformål gjev ikkje bindande føringar som tilseier at desse skal inn i det endeleg planframlegget. Spesielt ikkje dersom det som ligg i planprogrammet kjem i konflikt med nasjonale eller viktige regionale interesser. Statsforvaltaren merka seg m.a.




formuleringa i planprogrammet om at: "Arealbruk fastsett i KPA 14 for fjellområda i kommunen er forutsett vidareført i ny plan". I vår tilbakemelding til planprogrammet (tilleggsnotatet til planprogrammet) skreiv vi m.a. dette: "Når det gjeld mål/delmål i planprogrammet med konflikt-potensiale (konflikt med nasjonale og regionale interesser) vil vi m.a. peike på hyttebygging på Vikafjellet (m.a. eksisterande LNF-område for spreidde fritidsbustader, som er tenkt vidareførte) og nye næringer og areal for landbasert oppdrett og kraftkrevjande industri knytt til knutepunkt for kraft".

Vi har her på eit tidleg tidspunkt i planprosessen formidla at vidareføringa av LNF-områda for spreidd hyttebygging på Vikafjellet er konfliktfylte, jf. nasjonale og viktige regionale interesser.

I tillegg til vurderinga vår og grunngevinga for motsegngrunnlaget i den førebelse fråsegna 06.09.2023, vil vi også peike på kvalitetsnorma for villrein og NINA-rapport 2372 - "Klassifisering av 14 ikke-nasjonale villreinområder etter kvalitetsnorm for villrein, Første klassifisering - 2023." I Fjellheimen vart delnorm 1 ("bestandsforhold") og delnorm 3 ("leveområde og menneskelig påvirkning") vurdert til å ha dårleg tilstand. Delnorm 2 (lavbeite) blei vurdert til middels. Samla vurdering for Fjellheimen villreinområde gav klassifiseringa "dårleg kvalitet".

I dag finn vi den europeiske villreinen nesten berre i Noreg. Villrein er difor ein nasjonal ansvarsart, som vi har eit særleg internasjonalt ansvar for å ta vare på. Villrein er på den siste raudlista klassifisert som nær truga (NT).

På Vikafjellet er det bygd ein god del hytter i nokre område langs Rv. 13. Skjelingen sør, Skjelingen nord og i LNF-områda for spreidd hyttebygging ved Hestavollen og Fosse (vest og nord) er eksempel på område der det er fleire hytter.



Kart som viser dei tre LNF-områda for spriedd hyttebygging og trekkområde for villrein, skraverte område (Kjelde: Fylkesatlas).

Vi har ikkje kjennskap til i kva grad områda som er viste som trekkområde for villrein er i bruk i dag. Som kartet viser ligg det eine LNF-området for spreidd hyttebygging (Hestavollen) delvis i same område som er vist som trekkområde for villrein. Hyttebygging i fjellet, og nær eller i trekkruiter for villrein, kan naturlegvis presse villreinen vekk frå trekkruiter som vart nytta tidlegare.



I dei nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging under kap. 5 Klima, natur og miljø for framtida står det m.a. følgjande i pkt. 58: *"Villreinens leveområder sikres, og vedtatte regionale planer for villrein fjella oppdateres i samsvar med ny kunnskap og følges opp i den kommunale planleggingen"*. Kvalitetsnorma for villrein, og at Fjellheimen villreinområde er klassifisert med dårleg kvalitet, er kunnskap som må takast omsyn til både gjennom oppdatering av regional plan for Fjellheimen (Interkommunal kommunedelplan for Fjellheimen villreinområde) og i oppdateringa av arealdelen til kommuneplanen for Vik kommune.

Vi viser til pkt. 3.6 Naturmangfald i rundskriv T-2/16, "Nasjonale og vesentlige regionale interesser på miljøområdet – klargjøring av miljøforvaltningens innsigelsespraksis". Her går det fram at motsegn skal vurderast når føreslegen ny arealbruk i planforslaget vil komme i konflikt med:

- Andre arter som er spesielt hensynskrevende, jf. arter med nasjonal forvaltningsinteresse i naturbase.

I opplistinga av motsegngrunnar er dei særskilte omsyna som følgjer av Stortingets vedtak av Kvalitetsnorm for ville bestandar av atlantisk laks med. Det må her leggjast til grunn at neste revisjon av rundskriv T-2/16 vert supplert med kvalitetsnorma for villrein.

Med tilvising til heile grunngevinga over (medrekna grunngevinga frå den førebelse fråsegna, referert til ovanfor) fremjar vi motsegn mot dei tre LNF-områda for spreidd hyttebygging på Vikafjellet, dvs. Hestavollen, Fosse vest og Fosse nord.

- **Akvakultur**

Vi konstaterer at føresegnene knytt til akvakulturområda i all hovudsak er oppdaterte og endra i samsvar med det vi skreiv i vår førebelse fråsegn 06.09.2023. I føresegnene knytt til konkrete akvakulturområde (t.d. pkt. 6.7.1) står det følgjande: *"Det kan ikkje etablerast akvakultur for laks eller torsk i områda"*. **For at det ikkje skal vere tvil om at føresegna også omfattar t.d. oppdrett av regnbøgeaure, krev vi (motsegn) at ordlyden vert endra til: "Det kan ikkje etablerast akvakultur for laksefisk eller torsk i områda"**.

Andre merknader

Vi merkar oss at kommunen er innstilt på å supplere planen i tråd med NVE si motsegn mot manglande omsynssoner, slik at motsegna frå NVE fell vekk.

Vi merkar oss vidare at det under dei generelle føresegnene i pkt. 1.1 er teke inn følgjande: *"Naturmangfaldsverdiar skal vere kartlagd og om naudsynt sikrast i samband med reguleringsplan for nye utbyggingar. Om naudsynt skal det gjennomførast oppdatering av eksisterande kartleggingar"*. Statsforvaltaren vil klart rå til å ta inn eit tydeleg krav om kartlegging/undersøking av naturmangfald for dei konkrete byggjeområda som overlappar med registrerte naturtypelokalitetar, slik det er gjort i føresegnene pkt. 2.3.2. På denne måten kjem det tydeleg fram i kva for byggjeområde kravet om kartlegging/undersøking gjeld. Vi ser på dette som viktig for å unngå at naturverdiar innanfor registrerte naturtypelokalitetar vert negativt påverka av utbygging eller andre inngrep. Dette gjeld m.a. byggjeområde FB7.1 Skard og NÆ4.1 Dalastølane/Ovrisdalen (her er det eit krav, jf. under).

Når det gjeld spørsmålet om planen må leggjast ut til nytt offentleg ettersyn, ønskjer vi ikkje å gå detaljert inn på dette. Generelt kan vi seie at for vår del vil det å innrette planen etter våre eller andre instansar sine innvendingar som hovudregel ikkje utløyse krav om nytt offentleg ettersyn. Kommunen som planmyndigheit må ta stilling til om eventuelle nye enkeltområde, eller dei samla



endringane, tilseier at planframlegget må leggjast ut til nytt offentleg ettersyn. Vi kan gje ytterlegare generell rettleiing om dette viss kommunen ønskjer det.

Konklusjon

Vi ser at dei nye vurderingane (jf. kommunen si tilbakemelding etter vår førebelse fråsegn til planframlegget) som kommunen har gjort av både vidareførte byggjeområde og av ny arealbruk har resultert i at fleire byggjeområde er tekne ut eller er reduserte i storleik. Desse endringane inneber at motsegngrunnlaga vi hadde til planframlegget i stor grad fell vekk. Vi ser det som positivt at kommunen har teke grep og m.a. redusert omfanget av byggjeområde for hytter, slik at planframlegget no er meir i samsvar med eit pårekneleg behov i planperioden og i større grad sikrar nasjonale og regionale interesser.

Gitt at planframlegget vert endra i samsvar med det som går fram i tilbakemeldingsskrivet frå kommunen datert 19.02.2024, er hovudkonklusjonen vår at dei fleste motsegnspunkta er rydda opp i. Vi står såleis berre att med to område (Vangsnes og Vikafjellet) der vi har motsegner, og i tillegg eit par punkt i føresegnene som må endrast:

- **industriområdet Vangsnes aust**
- **LNF-områda for spreidd hyttebygging på Vikafjellet (Hestavollen, Fosse vest og Fosse nord).**
- **føresegnene som set forbod mot oppdrett av einskildartar i konkrete akvakulturområde (m.a. pkt. 6.7.1) med krav om å presisere at forbodet gjeld all laksefisk.**

Når det gjeld industriområdet i Ovrisdalen – NÆ4.1, har vi ikkje motsegn mot dette byggjeområdet under føresetnad av at det vert teke inn krav i føresegnene pkt. 2.8.3 om naturmangfaldkartlegging i samband med regulering. Vi tek atterhald om bruk av motsegn mot seinare reguleringsplan.

Motsegnene inneber at arealdelen til kommuneplanen ikkje kan vedtakast av Vik kommune for dei delane av planen som er omfatta av motsegn. Statsforvaltaren legg til grunn at kommunen no vil vurderer om planen kan endrast slik at grunnlaget for motsegnene fell bort.

Dersom kommunen som planstyresmakt likevel finn å ville gå vidare med planen slik den ligg føre, vil alternativet vere å be om mekling, jf. pbl. § 5.6.

Med helsing

Nils Erling Yndesdal
kommunaldirektør

Dag Endre Stedje
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Vestland fylkeskommune

Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE

Postboks 7900

Postboks 5091 Majorstua

5020 BERGEN

0301 OSLO